



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Prop. 33 S

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Revidert finansieringsopplegg for Førdepakken i Vestland fylke

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 29. november 2024,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om revidert finansieringsopplegg for Førdepakken i Sunnfjord kommune gjennom å forlenge innkrevjinga av bompengar med fem år.

Stortinget slutta seg til Førdepakken gjennom handsaminga av Prop. 137 S (2014–2015) *Utbygging og finansiering av Førdepakken i Sogn og Fjordane* og Innst. 394 S (2014–2015). Førdepakken er ein bypakke som omfattar 20 prosjekt fordelt på kommunal veg, fylkesveg og riksveg, samt ei ramme til mindre tiltak. Bompengeneinnkrevjinga starta opp hausten 2016, og skulle halde fram i 12 år til hausten 2028.

Det viser seg no at det ikkje lar seg gjere å finansiere alle tiltaka i porteføljen innafor den økonomiske ramma for Førdepakken. Fleire av prosjekta har vorte meir kostnadskrevjande enn det som først vart lagt til grunn. Samtidig har gjennomsnittstaksten vore lågare enn føresett som følge av lågt passeringstak. Det økonomiske handlingsrommet for å auke bompengeneinntektene er no utnytta, då lokale styresmakter har slutta seg til justering av grunntakstane slik at gjennomsnittstaksten i Førdepakken frå Prop. 137 S (2014–2015) vert oppretthaldt over tid.

For å finansiere dei planlagde prosjekta har Sunnfjord kommune og Vestland fylkeskommune

gått inn for å auke inntektene gjennom å utvide innkrevjingsperioden. Med det nye opplegget vert bompengeneinnkrevjinga forlenga med fem år frå oktober 2028 til oktober 2033. Det vert ingen endringar elles i bompengelopplegg, takst- og rabattnivå og styring av pakken gjennom porteføljestyring. Utvida innkrevjingsperiode er rekna å gje eit bompengebidrag på 615 mill. 2024-kr og ytterlegare 126 mill. kr i mva.-kompensasjon. Då vert det mogleg å finansiere alle dei 20 tiltaka i Førdepakken.

2 Omtale av utbygginga

I Prop. 137 S (2014–2015) er det lagt opp til å bygge ut 20 prosjekt i Førdepakken. Fire av desse prosjekta er slått saman til to prosjekt, slik at det no er 18 prosjekt totalt. Desse er fordelt på seks prosjekt på kommunal veg (kv.), sju på fylkesveg (fv.) og fem på riksveg (rv.) Utbygginga starta opp i 2015.

Alle prosjekta på riksveg og kommunal veg er ferdigstilt eller under bygging, medan tre prosjekt står att på fylkesveg. Sjølv om prosjekta er fullførte, hadde dei fleste av desse attståande kostnader til grunnerverv og sluttavrekning per 31. desember 2023. Pågåande prosjekt er i prosjekterings- eller byggefase, medan attståande prosjekt er i reguleringsfase.

Alle tiltak under bygging og attståande tiltak fekk nye kostnadsanslag i starten av 2023. I kostnadsanslaga vart det lagt inn stor uvisse, sidan byggeperioden på fleire av tiltaka ligg fleire år fram i tid.

Følgjande vegprosjekt var fullførte per 1. oktober 2024:

- Fv. 600 Vievegen inkl. gang- og sykkelveg
- Rv. 5 Bergumkrysset
- Fv. 609 Steinabuvegen – fortau
- E39 Kryss med Fv. 609
- Kv. Hafstad – Kronborgvegen (Brulandsvellingene) – gang- og sykkelveg
- Kv. Hafstad bydel – gang- og sykkelveg
- Kv. Ny veg Indre Øyrane – Langebruvegen (til lyskryss)
- E39 Halbrend skule – Hogane. Gang- og sykkelveg
- Kv. Angedalsvegen/Førdehuset – Naustdalsvegen (Løken) Naustdalsvegen – Angedalsvegen
- Rv. 5 Sentrum – Hornnes – Kletten. Gang- og sykkelveg i tunnel
- E39/kv. Fjellvegen som hovudgate (del a og b)

Følgjande fire prosjekt er pågåande:

- Kv. Gangbru Naustøyna – Storehagen (kommunehuset)
- Fv. 601 Angedalsvegen, delprosjekt 1: Angedalsvegen frå Førdehuset til Prestefossbrua
- Kv. Kyrkjevegen aust til Hornnesvegen
- Fv. 601 Angedalsvegen, delprosjekt 2: Angedalsvegen frå Prestefossbrua til Skora

Følgjande tre prosjekt er attståande:

- Fv. Angedalsvegen – Hafstadvegen. Ny veg og bru med gang- og sykkelveg
- Fv. 601 Naustdalsvegen – Angedalsvegen til Førdehuset (Storehagen)
- Fv. 609 Ny veg Halbrendssøyra – Øyrane

I det følgjande er dei fire pågåande og tre attståande prosjekta nærare omtala:

Kv. Gangbru Naustøyna – Storehagen (kommunehuset)

Prosjektet omfattar ny gang- og sykkelbru over Jølstra, for å knyte tettare saman sørlege og nordlege delar av Førde sentrum. Brua vert ein kommunal veg når anlegget er ferdig. Prosjektet har vedteken reguleringsplan frå 2021 og er venta lyst ut på anbod vinteren 2024–2025.

Fv. 601 Angedalsvegen, delprosjekt 1: Angedalsvegen frå Førdehuset til Prestefossbrua

Køyrevegen skal få jamn breidde på 6,5 meter heile strekninga frå Førdehuset til Prestefossbrua (1,4 kilometer). Vegen vert heva på to punkt, for å unngå å måtte stenge vegen ved flaum. Avkøyrslene vert færre og tryggare, i tillegg vert sykklende og gåande skilde frå biltrafikken. Prosjektet har reguleringsplanar frå 2020. Prosjektet er venta lyst ut på anbod vinteren 2024–2025.

Kv. Kyrkjevegen aust til Hornnesvegen

Prosjektet omfattar fortau frå Hornnesvegen til Angedalsvegen, for å legge til rette for gåande og sykklende. Vegen er skuleveg for barn og unge, samt tilkomstveg til bustadområde. Prosjektet har reguleringsplan frå 2021 og er venta lyst ut på anbod vinteren 2024–2025.

Fv. 601 Angedalsvegen, delprosjekt 2: Angedalsvegen frå Prestefossbrua til Skora

Prosjektet strekker seg frå første kryss etter Prestefossbrua til Slåtten skule (om lag 260 meter). Prosjektet er innlemma i same reguleringsplan som *fv. 601 Angedalsvegen, delprosjekt 1* frå 2020 og er venta lyst ut på anbod vinteren 2024–2025.

Fv. Angedalsvegen – Hafstadvegen. Ny veg og bru med gang- og sykkelveg

Prosjektet inneberer å bygge ny bru over elva Jølstra og tilhøyrande veg på begge sider. Dette vil bidra til å løyse kapasitetsutfordringar i vegnettet og knyte tettare saman områda ved Hafstadparken og Førdehuset. Prosjektet vil også leggje til rette for sykklende og gåande. Det er venta vedtatt reguleringsplan hausten 2024.

Fv. 601 Naustdalsvegen – Angedalsvegen til Førdehuset (Storehagen)

Storehagen er ei av dei mest sentrale gatene i Førde sentrum. Formålet med tiltaket er å ruste opp vegen frå krysset ved rv. 5 Naustdalsvegen til Festplassen. Gåande og sykklende vil få langt betre infrastruktur. Det er lagt opp til vedtak av reguleringsplanen ved utgangen av 2025.

Fv. 609 Ny veg Halbrendøyra – Øyrane

Tiltaket omfattar ny veg over Halbrendøyra, ny bru over Jølstra og tilkopling til eksisterande rundkøyring på rv. 5 (Naustdalsvegen). Ny veg og bru er planlagt med tosidig fortau og tiltaket vil bidra til betre trafikkflyt gjennom Førde sentrum. Prosjektet har endå ikkje godkjent reguleringsplan.

Ramme til mindre prosjekt

Det er i Prop. 137 S (2014–2015) *Utbygging og finansiering av Førdepakken i Sogn og Fjordane* skissert ei uspesifisert ramme til sentrumstiltak. Det er her lagt opp til at midlane vert nytta til prosjekt for gåande og syklende, samt mindre vegutbetringar. I opphavleg proposisjon vart denne sett til 100 mill. 2012-kr, som svarer til 159 mill. 2024-kr. I finansieringsplanen for forlenga Førdepakke er det ikkje nok midlar til å finansiere denne ramma dersom alle dei spesifiserte prosjekta skal verte finansiert.

3 Lokalpolitisk handsaming

Forslag til forlenga bompengeneinnkrevjing for Førdepakken har vore handsama av Sunnfjord kommune og Vestland fylkeskommune.

Sunnfjord kommune handsama saka 25. mai 2023, og gjorde slikt vedtak:

1. *Det er stort behov for å realisere prosjekta i Førdepakken. For å auke det økonomiske handlingsrommet i Førdepakken sluttar kommunestyret seg til å forlenga bompengeneinnkrevjinga med 5 år frå avslutning av gjeldande bompengeperiode, slik at innkrevjingsslutt blir forlenga frå 03.10.2028 til 03.10.2033.*
2. *Den forlenga Førdepakken vidarefører eksisterande Førdepakken sitt etablerte takst-, rabatt-, innkrevjings- og styringssystem.*
3. *Det vert i den forlenga Førdepakken lagt til grunn same gjennomsnittstakst som i eksisterande Førdepakke, 18,17 kr i 2015-prisnivå som svarar til 22,96 kr i 2022- prisnivå.*
4. *Prosjekta i den eksisterande Førdepakken blir vidareført i den forlenga Førdepakken, og gjennom porteføljestyling vert omfanget av utbygginga tilpassa den økonomiske ramma*

Vestland fylkeskommune handsama saka i fylkestinget 15. juni 2023, og gjorde slikt vedtak:

1. *Det er stort behov for å realisere prosjekta i Førdepakken. For å auke det økonomiske handlingsrommet i Førdepakken sluttar fylkestinget seg til å forlenga bompengeneinnkrevjinga med 5 år frå avslutning av gjeldande bompengeperiode, slik at innkrevjingsslutt blir forlenga frå 03.10.2028 til 03.10.2033.*
2. *Den forlenga Førdepakken vidarefører eksisterande Førdepakken sitt etablerte takst-, rabatt-, innkrevjings- og styringssystem.*
3. *Det vert i den forlenga Førdepakken lagt til grunn same gjennomsnittstakst som i eksisterande Førdepakke, 18,17 kr i 2015-prisnivå som svarar til 22,96 kr i 2022-prisnivå.*
4. *Prosjekta i den eksisterande Førdepakken blir vidareført i den forlenga Førdepakken, og gjennom porteføljestyling vert omfanget av utbygginga tilpassa den økonomiske ramma.*
5. *Vestland fylkeskommune vidarefører gjeldande garanti for Førdepakken ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for Ferde AS, avgrensa til 600 mill. kroner til delfinansiering av den forlenga Førdepakken.*
6. *Garantibeløpet gjeld med tillegg av 10 pst. av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 660 mill. kroner.*
7. *Garantibeløpet gjeld òg inngåtte sikringsavtalar knytt til lånefinansieringa av den forlenga Førdepakken.*
8. *Garantien skal gjelde til innkrevjingsslutt 03.10.2033, og i tillegg inntil to år, jf. garantiforskrifta § 3.*
9. *Vestland fylkeskommune sitt garantiansvar vert redusert i takt med den faktiske nedbetalinga av gjelda.*
10. *Garantisten har rett til å sikre garantien med 1. prioritets pant i Ferde AS sin rett til å krevje inn bompengar, med tillegg av 10 pst. av til ei kvar tids gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar.*

Garantien blir gitt under føresetnad av Kommunal- og distriktsdepartementet si godkjenning etter kommunelova § 14-19 første ledd.

4 Trafikkgrunnlag

Forventa trafikkvolum i Førdepakken frå 2023 og fram til 2033 bygger hovudsakleg på framskriven

registrert trafikk i eksisterande bomstasjonar dei siste åra, noko som er vurdert som meir nøyaktig enn berekning av trafikk i ein trafikmodell. I finansieringsanalysen er det fram til 2033 lagt til grunn årsgogntrafikk (ÅDT) på 18 700 passeringar, utan årleg trafikkauske.

Trafikkvolumet gjennom dei fem bomstasjonane har i perioden 2017–2023 variert mellom 18 000 og 19 000 køyretøy per døgn, med lågast trafikk under koronaen og høgast trafikk siste år. Trenden syner auka trafikk og prognosen for 2024 er 19 300 køyretøy per døgn. Trafikkestimater på 18 700 køyretøy per døgn fram mot 2033 er vurdert som nøkternt samanlikna med dagens trafikk.

misk ramme på totalt 1 650 mill. 2015-kr. Av dette var bompengbidraget føresettt å utgjere 983 mill. 2015-kr.

Fram til utgangen av 2023 hadde Førdepakken finansiert prosjekt til en samla kostnad på 1 221 mill. 2024-kr. Av dette utgjør bompengbidraget 667 mill. kr. Staten har bidrege med 186 mill. kr, medan fylkeskommunen og kommunen har bidrege med høvesvis 151 mill. kr og 217 mill. kr inkl. mva.-kompensasjon. Tala er oppjustert frå 2023-kr til 2024-kr med bruk av ein budsjettindeks på 4 pst. Frå innkrevjinga av bompengar starta i 2016 og frem til utgangen av 2023 vart det kravd inn 778 mill. i laupande kroner. Likviditeten i Førdepakken er god og pakken har ikkje gjeld.

5 Finansieringsopplegg

Dagens Førdepakke

Finansieringa av Førdepakken for perioden 2016–2028 var basert på bompengar, kommunale midlar, fylkeskommunale midlar og statlege midlar, i tillegg til mva.-refusjon innanfor ei økonomisk

Revidert Førdepakke

Tabell 5.1 synar attståande kostnader for fullførte prosjekt og venta kostnader for å fullføre pågåande og bygge attståande prosjekt i perioden 2024–2029 som inngår i den reviderte Førdepakken. Kostnadsanslaga vart oppdaterte våren 2023.

Tabell 5.1 Utbyggingskostnader i mill. 2024-kr

Prosjekt	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2024–2029
Ferdigstilte prosjekt	139	29	85				253
Pågåande prosjekt							
Kv. Gangbru Naustøyna – Storehagen (kommunehuset)	2	54	30	8			94
Fv. 601 Angedalsvegen, delprosjekt 1: Angedalsvegen frå Førdehuset til Prestefossbrua	2	2	106	106	69		285
Kv. Kyrkjevegen aust til Hornnesvegen	10	23	18	7	1		59
Fv. 601 Angedalsvegen, delprosjekt 2: Angedalsvegen frå Prestefossbrua til Skora	3	36	17	6	1		63
Attståande prosjekt							
Fv. Angedalsvegen – Hafstadvegen. Ny veg og bru med gang- og sykkelveg	2	7	159	156	99	38	461
Fv. 601 Naustdalsvegen – Angedalsvegen til Førdehuset (Storehagen)	30	139	146	146	146	36	643
Fv. 609 Ny veg Halbrendssøyra – Øyrane	1	1	2	125	99	74	302
Sum	189	291	563	554	415	148	2160

Tabell 5.2 Finansieringsplan for revidert pakke i mill. 2024-kr

Statlege midlar	49
Fylkeskommunale midlar	104
Kommunale midlar	74
Kompensasjon for meirverdiavgift	344
Bompengebidrag	1589
Sum	2160

Det reviderte finansieringsopplegget med forlenging av bompengeinnkrevjinga i perioden 2028–2033 er rekna å gje eit bompengebidrag på 615 mill. kr. Det er også lagt til grunn ytterlegare 126 mill. kr i mva.-kompensasjon. Saman med midlane som står att frå tidlegare, gjev dette ei total ramme til vegprosjekt i perioden 2024–2033 på 2 157 mill. 2024-kr, jf. tabell 5.2.

6 Bompengeopplegg

Det vert lagt opp til å vidareføre bompengeinnkrevjinga i dei fem eksisterande bomstasjonane i Sunnfjord kommune med følgjande lokalisering:

- E39 Bakkebøvegen
- Rv. 5 Kletten
- E39 Bruland
- Fv. 601 Presteholten
- Fv. 600 Brulandsvellene

I den forlenga Førdepakken vil det framleis vere einvegs innkrevjing i retning Førde sentrum. Førdepakken sitt etablerte takst- og rabattsystem, inkludert timesregel og passeringstak, vert vidareført. Bompengeinnkrevjinga skal følgje dei til ei kvar tid gjeldande takstretninglinjer. Gjennomsnittstaksten vil bli om lag 25,21 2024-kr.

I denne proposisjonen er det førebels lagt til grunn samla bompengeinntekter på om lag 1959 mill. 2024-kr. Av dette er 1589 mill. kr rekna til å dekkje deler av investeringskostnadene, om lag 259 mill. kr til å dekkje finansieringskostnadene og om lag 111 mill. kr til å dekkje innkrevjingskostnadene og kostnader til drift av bompengeselskapet.

Førdepakken mottok årleg statleg tilskot til reduserte bompengetakstar utanfor byområda. Tilskotet dekkjer 10 pst. lågare bompengetakstar enn det som elles hadde vore mogleg. Alle takstvedtaka for Førdepakken oppgjev alternative

takstar som gjeld dersom tilskotsordninga skulle falle vekk. Stortinget slutta seg til tilskotet gjennom handsaminga av Prop. 137 S (2014–2015) og tilskotet vil halde fram til dagens Førdepakke går ut i oktober 2028. Det er ikkje lagt til grunn å vidareføre tilskotet etter opphøveleg bompengeperiode opphøyrer.

7 Styring av Førdepakken

Det vert lagt opp til ei styringsgruppe med representantar frå Sunnfjord kommune og Vestland fylkeskommune, samt Statens vegvesen så lenge vegvesenet framleis har byggherreoppgåver. Fylkeskommunen skal framleis ha finansieringsavtalen med bompengeselskapet.

Styringsgruppa skal drive porteføljestyling, der omfanget av utbygginga vert tilpassa den økonomiske ramma. Dersom det vert framtidig kostnadsauke og/eller inntektssvikt, vil eit eller fleire av prosjekta ikkje verte bygd og/eller verte skalert ned. Det vert føresett sterk kostnadskontroll. Om alle prosjekta vert finansiert før utløpet av bompengeperioden, skal bompengeinnkrevjinga verte avslutta.

8 Fylkeskommunal garanti

Vestland fylkeskommune vedtok i fylkestinget 15. juni 2023 å stille garanti ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak avgrensa til 600 mill. kr til delfinansiering av den reviderte Førdepakken. Garantibeløpet gjeld med tillegg av 10 pst. av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av renter og andre omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 660 mill.

Samferdselsdepartementet føreset at bompengeselskapet skal ta opp lån på vanleg måte, og at fylkeskommunen difor stiller garanti for lånet. Den fylkeskommunale garantien må verte godkjent av Kommunal- og distriktsdepartementet før anleggsstart.

Som ein følgje av at det er porteføljestyling av bypakken, kan ikkje garantisten sine utlegg dekkast gjennom auke i gjennomsnittstaksten og/eller forlenga innkrevjingsperiode.

9 Samferdselsdepartementets vurdering

Samferdselsdepartementet har merka seg at alle kommunale og statlege prosjekt i Førdepakken

enten er fullførte eller starta opp, og at det står att tre fylkesvegprosjekt kor ikkje alle tre lar seg finansiere innafor den opphavelige økonomiske ramma for Førdepakken. Departementet har vidare merka seg at lokale styresmakter har sagt seg villige til å forlengje innkrevjingsperioden for å fullføre Førdepakken og at fylkeskommunen har vedteke å stille garanti for delfinansiering av den reviderte Førdepakken. Det reviderte finansieringsopplegget med fem år forlengja innkrevjing til 2033 vil gjere det mogleg å finansiere alle tre attståande prosjekt samt fullføre alle pågåande tiltak i Førdepakken, noko som vil gje betre måloppnåing for pakken.

Samferdselsdepartementet har merka seg at ei forlenging ikkje får konsekvensar for statlege løyvingar. Samferdselsdepartementet legg opp til at bompengetilskotet for reduserte bompengetakstar utafor byområda vil halde fram til oktober 2028. Forlenginga vil såleis ikkje innebere behov for statlege midlar.

Ein fem års forlengja innkrevingsperiode for Førdepakken er ikkje i tråd med gjeldande retningsliner for porteføljestyrt bompengepakker. Samferdselsdepartementet finn likevel å kunne leggje fram eit forslag om forlengja innkrevjing av pakka. Det er eit sterkt lokalpolitisk ynskje om forlenging, og lokale styresmakter har køyrt ein ryddig prosess i saka og vist vilje til å gjere tiltak for å auke inntektene, til dømes har dei auka takstane både for nullutsleppskøyretøy og andre køyretøy. Det lokalpolitiske handlingsrommet for å auke bompengetakstane i Førdepakken er no fullt utnytta. Det er lokal semje om å fremje ein

bompengesøknad, og det ligg føre lokalpolitiske vedtak med fornøya garanti. Det vert vurdert som eit stort behov for realisering av attståande prosjekt og tiltak. Ein forlengja innkrevjing vil bidra til betre måloppnåing slik pakken opphavleg var utforma.

Samferdselsdepartementet vil vise til at Førdepakken framleis skal ha ei styringsgruppe som skal drive porteføljestyrt innafor fastsett økonomisk ramme. Eventuell kostnadsauke og/eller inntektssvikt utover fastsett økonomisk ramme skal handterast gjennom kutt i porteføljen.

10 Avtalar

Etter at Stortinget har fatta vedtak om revidert Førdepakke i Vestland, vil det bli inngått tilleggsavtale mellom Vegdirektoratet og bompengeselskapet i tråd med føresetnader i denne proposisjonen. Bompengeselskapet vil inngå finansieringsavtale med Vestland fylkeskommune, som regulerer rekvirering av bompengemidlane i tråd med føresetnadene som er lagde til grunn i denne proposisjonen.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om revidert finansieringsopplegg for Førdepakken i Vestland fylke.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om revidert finansieringsopplegg for Førdepakken i Vestland fylke i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om revidert finansieringsopplegg for Førdepakken i Vestland fylke

- I
1. Stortinget sluttar seg til forslag om revidert Førdepakke og samtykker i at bompengeselskapet Ferde AS får løyve til å ta opp lån og krevje inn bompengar fram til oktober 2033.
 2. Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå tilleggsavtale med bompengeselskapet Ferde AS. Avtalen gir bompengeselskapet rett til å krevje inn bompengar innanfor føresetnadene i denne proposisjonen.
-

